



KVINNHERAD
K O M M U N E

Vatn og avløp

«MottakerNavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«UtlandsAdresse»

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Egil Eide	993 56 126	2023/1742-1	«REF»	22.05.2023

Informasjon til røyrleggjarar - dokumentasjon av tilbakeslags sikring

Denne informasjonen er sendt til alle røyrleggjarar/entreprenørar som er registrert i Gemini Entreprenørportal for Kvinnherad kommune, med løyve til å søkja om sanitærinstallasjonar.

Som bakgrunn for informasjonen viser me til Drikkevassforskrifta §4:

Det er forbudt å forurense drikkevann. Forbudet omfatter alle aktiviteter, fra vanntilsigsområdet til tappepunktene, som medfører fare for at drikkevannet blir forurenset. Abonentene skal ha egnet sikring mot tilbakestrømming i samsvar med kravene i plan- og bygningsloven og byggteknisk forskrift for å hindre at drikkevannet i distribusjonssystemet blir forurenset.

Kvinnherad kommune som leverandør av drikkevatt må dokumentera til Mattilsynet at kommunen har kontroll på kva som kan forureina drikkevattnet, og som kan føra til uønskt kvalitet. Samt setja inn naudsynte tiltak for å redusera risikoen for at dette skal inntreffa. Deriblant kan tilbakeslag frå abonnentar påverka drikkevasskvaliteten, og graden av forureining varierer med aktiviteten til forbrukaren. Kravet til tilbakeslags sikring har vore på plass lenge, men Kvinnherad kommune set nå krav til dokumentasjon på installert ventil. **PS** Byggteknisk forskrift har ikkje tilbakeverkande kraft, og det er difor den forskrifta som var gjeldande det årstalet bygningen vart etablert, som set krav til type utføring.

For å finna ut kva type ventil som skal monterast, anbefala me rettleiaren til Norsk Vann:

Dei viktigaste punkta i denne rettleiaren ligg også på heimesida til Kvinnherad kommune, under: vatn og avløp/tilbakeslagssikring.



Dokumentasjon på montert ventil:

Frå og med 22.05.23 skal alle ferdigmeldingar av sanitærinstallasjonar også dokumentera montert tilbakeslagssikring. Dette skal utførast på fylgjande måte:

- Når ein søker om tilknytning skal det opplysast om kva type tilbakeslagssikring som skal monterast. Dette vert gjort i Gemini Entreprenørportal under utstyr. Eit løyve vert gitt etter dei opplysningane som søknaden inneheld. Ein søknad utan opplysning om tilbakeslagssikring vert sendt tilbake med status som mangelfull.
- Når eit sanitæranlegg skal ferdigmeldast må det kvalitetssikrast at det er riktig ventil som er montert. Er det montert anna ventil enn den som står i søknaden må dette endrast i ferdigmeldinga, under kapittel utstyr.
- Vassmålarmonteringa skal som før dokumenterast med bilete av installasjonen der målarnummeret skal vera lesbart, eventuelt med 2 bilete der det eine er nærare enn det andre.
- Tilbakeslagssikringa skal dokumenterast med bilete av montert ventil. (Me treng ikkje eige foto av ventilen dersom ventilen viser på bilete av vassmålararen.)
- Bilete av målar og tilbakeslags sikring skal leverast som vedlegg på ferdigmeldinga i Gemini Entreprenørportal.
- Ei eventuell Ferdigmelding utan komplett dokumentasjon vert returnert som mangelfull.

Dokumentasjon på montert tilbakeslagssikring må vera på plass før det vert gitt klarsignal til bruksløyve på anlegget. Opplysningane vert registrert av oss på eigedomen og det er difor særst viktig at dette stemmer med montert utstyr. Tilbakeslagssikringa vert med som ein del av risiko vurderinga me må utføra for å tilfredsstilla krava i Drikkevassforskrifta. Kommunen kan når som helst føra tilsyn på tilbakeslagssikringa.

Med helsing
KVINNHERAD KOMMUNE

Egil Eide
Einingsleiar Vatn og avløp

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Kvinnherad kommune v/Kristine Engelsen Fjelland – Kvalitetsingeniør VA
Kvinnherad kommune v/Arill Krossøy – Avdelingsleiar VA